Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og mosing

Oppskr. av: Thomas Aalstad,

(adresse): Svolvær.

Fylke: Nordland.

Herad: Vågan

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Vågan som i Lofoten elles er lyng lite eller inkje brukt til fôr. Endå om det vert bunnød, er det så mangt anna t.d. fiskavfall å ty til. Eg har tala med gamle folk som no er i 80 åra; men dei veit ikkje at ein har sanka lyng til fôr. Difor kann det hende at har vore brukt, for her er godt om lyngrabbar, der ein kunde nå til han på varparten.

Men frå mi heimbygd Steigen kan eg huge at han var noko brukt endå i 90 åra. Og slett ikkje berre som naudfôr.

Enkelte år kan det på seinvinteren ved fiske-tider sette inn med sydost vind - landvind - som har sterk föhnvirkning, så snöen går bort på et par dagar. Då vert buskapen urolig på båsen og både kyr og smale slapp ut nokre timar på dagen. Röslyngen var då mjuk og saftig og bu-skapen beita på den med stor velvære.

Korleis folk vurderte fôrverdien, veit eg ikkje. Eg tenkjer dyra vurderte den som grönkost - vitaminkost og sette stor pris på den.

Mosing er, det eg veit, ukjent i Lofoten som i Steigen og andre kystbygder i Nordland.

Th. Aa.

2462
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING